



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Møterom Sunnfjord – Rådhuset
Dato: 25.06.2026
Tid: Kl. 14:00 - 17:00

Følgande medlemmer møtte:

Håkon Myrvang
Kari Valle
Sara-Marie Horsevik
Anne Lilleaasen
Steinar Kvame
Jenny Følling
Oddmund Klakegg
Åsmund Berthelsen
Atle Hamar
Gunn Merete Paulsen

Parti:

Ap
Ap
Ap
H
H
Sp
Sp
SV
V
V

Forfall:

Tore Fossen

Parti:

H

Møtande varamedlem:

Paula Kathrine Lesto

Parti

H

Andre:

Kirstin Synnøve Bruland
Kristine Steindal
Kurt Even Andersen
Lise Mari Haugen
Liv Janne Bell Jonstad
Malin Solheim Moldestad
Odd Harry Strømsli
Trond Ueland
Åge Ansgar Stafsnes

kommunalsjef omsorg
kommunalsjef barnehage
kommunalsjef helse og sosial
assisterande kommunedirektør
einingsleiar
rådgjevar
einingsleiar
kommunalsjef teknisk og miljø
kommunalsjef skule

Inhabil

Kari Valle
Anne Lilleaasen
Jenny Følling

Sak

134/26
140/26
140/26

Møtande varamedlem:

Møteleiar: Jenny Følling

Godkjenning av protokollen:

Jenny Følling

Atle Hamar

Sara-Marie Horsevik

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
128/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
129/26	Offentlig ettersyn - Detaljregulering Slåtten barnehage og byggefelt gbnr. 23/171
131/26	Klage/ uttale til dispensasjonsvedtak frå kommuneplanen sin arealdel- gbnr. 306/11
130/26	Klage på vedtak om dispensasjon frå føresegner i kommuneplanen sin arealdel 2024-2035 til etablering av tomannsbustad - gbnr. 499/15 og 15/384 - Sunnfjord kommune
132/26	Utkast til høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi 2026 - 2032
133/26	Løyve til helikoptertransport i samband med undersøking etter mineral Fureviksnipa
134/26	Framlegg til høyring: Strategisk retning for helse- og omsorgstenestene i Sunnfjord kommune 2026 - 2050
135/26	Utgreiing om framtidig struktur for brann- og redningstenesta
136/26	Endring i ventestønad for flyktningar
137/26	Fastsetjing av lokal forskrift om satsar for grunntilskot til private barnehagar - tilskotsåret 2027
138/26	Uttale om framdrift og finansiering for E39 Storehaugen–Førde
139/26	Ny administrativ organisering
140/26	Sal av aksjar i Sunnfjord Utvikling AS
141/26	Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling 2026
142/26	Delegerte vedtak
143/26	Referatsaker
144/26	Orienteringar og spørsmål

128/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ordføreren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen:

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Kommunedirektøren hadde følgende merknad til saklista:

- Framlegg om at sak 139/26 "Ny administrativ organisering" blir sendt tilbake til administrasjonen. Bakgrunnen er føresegn i politisk delegeringsreglement om at den politiske hovudstrukturen skal bli vedteke av kommunestyret. Ny versjon av saka blir lagt fram for politisk behandling i formannskapet og kommunestyret i september.

Ordføreren fremja følgende til å godkjenne protokollen: Atle Hamar og Sara-Marie Horsevik

Ordføreren sitt framlegg, med kommunedirektøren sitt framlegg, vart **einstemmig vedteke**.

Einstemmig vedtak

FORM- 128/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent, med følgende endring:

- Sak 139/26 Ny administrativ organisering blir sendt tilbake til administrasjonen.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen: Atle Hamar og Sara-Marie Horsevik

129/26: Offentlig ettersyn - Detaljregulering Slåtten barnehage og byggefelt gbnr. 23/171

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg Detaljreguleringsplan for Slåtten barnehage og byggefelt gbnr. 23/171m. fl., med plankart dagsett 16.04.2026 og føresegner dagsett 16.04.2026, ut på høyring og offentlig ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Utsettingsframlegg frå H, V og SV, fremja av Anne Lilleaasen (H):

Saka blir utsett til etter synfaringa når svara på utgreiingar føreligg i tråd med vedtak 117/26 datert 11. juni 2026

Avstemming om utsettingsframlegg:

H, V og SV sitt framlegg **vart vedteke** med 6 (H, V, SV) mot 5 stemmer.

FORM- 129/26 Vedtak:

Saka blir utsett til etter synfaringa når svara på utgreiingar føreligg i tråd med vedtak 117/26 datert 11. juni 2026

131/26: Klage/ uttale til dispensasjonsvedtak frå kommuneplanen sin arealdel- gbnr. 306/11

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klagen frå Statens vegvesen vert delvis teken til følgje med at vedtaket datert 23.04.2026 vert supplert med følgjande vilkår:

- Bruk av avkøyrsla kan halde fram i inntil 6 månader frå vedtaksdato. Avkøyrsla må snevrast inn med fysiske stengsler slik at tilkomsten er i samsvar med detaljreguleringsplan for E39 Bjørset–Skei.
- Parkeringsplassane (7 stk.) skal etablerast utanfor byggegrensa på 15 meter frå midt gang- og sykkelveg, og utanfor areal regulert til anna veggrunn.
- Det skal innan 6 månader etter endeleg vedtak ligge føre godkjenning av endra bruk av eksisterande avkøyrslar.

Klagen vert sendt til Statsforvaltar for endeleg avgjer.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Framlegg om utsetting , fremja av Oddmund Klakegg (Sp):

Saka vert utsett og Formannskapet gjennomfører synfaring før realitetshandsaming av saka.

Avstemming om utsetting:

Sp sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 131/26 Vedtak:

Saka vert utsett og Formannskapet gjennomfører synfaring før realitetshandsaming av saka.

130/26: Klage på vedtak om dispensasjon frå føresegnar i kommuneplanen sin arealdel 2024-2035 til etablering av tomannsbustad - gbnr. 499/15 og 15/384 - Sunnfjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klagen frå Vestland fylkeskommune vert ikkje teken til følgje. Kommunen opprettheld vedtaket av 09.04.2026 i sak 68/26, der det vert gitt dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 for riving av eksisterande bygg og etablering av tomannsbustad på gbnr. 499/15 og 499/384.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Felles tilleggsframlegg frå formannskapet, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

Ved vurderinga er det lagt vekt på at eksisterande bygning er i dårleg teknisk stand, med monalege manglar som gjer at bygget ikkje er eigna til bustadføre mål utan omfattande tiltak. Dette er tillagt vekt i interesseavveginga, saman med omsynet til kulturmiljøet.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg, med formannskapet sitt tillegg, vart **einstemmig vedteke**

FORM- 130/26 Vedtak:

Klagen frå Vestland fylkeskommune vert ikkje teken til følge. Kommunen opprettheld vedtaket av 09.04.2026 i sak 68/26, der det vert gitt dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 for riving av eksisterande bygg og etablering av tomannsbustad på gbnr. 499/15 og 499/384.

Ved vurderinga er det lagt vekt på at eksisterande bygning er i dårleg teknisk stand, med monalege manglar som gjer at bygget ikkje er eigna til bustadføremål utan omfattande tiltak. Dette er tillagt vekt i interesseavveginga, saman med omsynet til kulturmiljøet.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33.

132/26: Utkast til høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi 2026 - 2032**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Formannskapet legg framlegg til kommuneplan for Sunnfjord – samfunnsdel med arealstrategi – ut til høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden blir sett til 4 veker.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:**Endringsframlegg frå Sp, fremja av Jenny Følling (Sp):**

Høyringsfristen blir sett til 15.09.26.

Heilskapleg endringsframlegg SP, AP, H og V, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

1. Framlegg med endringar frå SP, AP, H og V vert lagt ut på høyring, jf. nytt vedlegg "Kommuneplanen_sin_samfunnsdel - alternativt framlegg frå Sp, AP, H og V 25.06.26".

Alternativt framlegg SV, fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

Høyringsutkastet lagt fram frå kommunedirektøren vert sendt på høyring.

Det alternative høyringsutkastet som er lagt fram endrar gjeldande samfunnsdel på viktige punkt, særleg natur, klima og miljø. Det er meir enn ei justering og nedkorting av gjeldande plan som var målet med arbeidet med å revidere samfunnsplanen.

Alternativ avstemming:

Sp, Ap, H og V sitt framlegg fekk 10 stemmer (Sp, Ap, H og V) og **vart vedteke**
SV sitt framlegg fekk 1 stemme (SV) og **fall**

Avstemming:

Sp sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

Kommunedirektøren sitt framlegg, med vedtekne endringar, vart **einstemmig vedteke**

FORM- 132/26 Vedtak:

1. Formannskapet legg framlegg til kommuneplan for Sunnfjord – samfunnsdel med arealstrategi – ut til høyring og offentlig ettersyn, i samsvar med vedlegg "Kommuneplanen_sin_samfunnsdel - alternativt framlegg frå Sp, AP, H og V 25.06.26". Utlegginga blir gjort etter plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsfristen blir sett til 15.09.2026.

Behandling i Formannskapet 04.06.2026:

Endringsframlegg, fremja av Eldrid Skudal (SV):

2. Høyringsperioden vert sett til 10. september.

Utsettingsframlegg, fremja av Jenny Følling (Sp):

Saka vert utsett til møte 25. juni.

Avstemming:

Utsettingsframlegget vart **einstemmig vedteke**

FORM- 111/26 Vedtak:

Saka vert utsett til møte 25. juni.

133/26: Løyve til helikoptertransport i samband med undersøking etter mineral Fureviksnipa

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Greenhill AS får løyve til å bruke helikopter i samband med undersøking etter mineral ved Fureviksnipa. Vi viser til saksutgreiing for grunngjeving av løyvet. Løyve vert gitt i medhald av Motorferdselslova § 6, med følgande vilkår:

1. Løyvet gjeld frå 01.08.2026 til 01.11.2027. Undersøkinga kan berre gjennomførast i perioden august–november, og skal avsluttast innan seks samanhengande veker frå første dag med feltaktivitet.
2. Inntil 100 hiv/landingar. Av omsyn til villrein og friluftslivsinteressene føreset vi at løyvehavar prøver å avgrense tal hiv/landingar i størst mogeleg grad.
3. Transporten skal ikkje utførast mellom kl. 23:00 og 06:00. Transporten skal heller ikkje utførast på søndagar.
4. Det skal ikkje lossast eller landast dersom villreinen står mindre enn 1 km frå landingsplassen, jf. punkt 6. Dvs. at transporten må utsettast dersom villreinen oppheld seg nord for Fauskevarden, Skinnbroka, Vardefjellet.
5. Den midlertidige leiren bør plasserast på nord eller nordaust sida av Fureviknipa. Transport og aktivitet skal i hovudsak og så langt som råd utførast på nord og nordaust sida av Fureviknipa.
6. Greenhill AS må syte for tilsyn med villreinen i område i perioden undersøkinga pågår. Tilsynet skal syte for dagleg loggføring av posisjonane til villreinflokken som nyttar området. Det skal lagast ein eigen avtale om dette, med villreinutvalet eller anna kompetent organ. Kopi av avtale skal sendast til kommunen før oppstart.
7. Søkjar må sjølv hente inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.
8. Loggbok skal førast for kvar tur og takast med. Ferdig utfylt loggbok skal sendast til kommunen seinast 2 veker etter at løyvet til motorferdsel er utgått.
9. Løyve frå kommunen og loggbok skal vere med under transporten.
10. Statens Naturoppsyn skal varslast per SMS i førekant av motorferdsla. SMS til SNO bør inkludere dato, type motorferdsel, namn, stad og kommune.
11. Undersøkinga må ha naudsynte løyve etter andre relevante lovverk i tillegg til dette løyve.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Alterantivt forslag frå SV, fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

Greenhill AS får ikkje løyve til å bruke helikopter i samband med undersøking etter mineral ved Fureviksnipa.

Undersøkinga etter mineral ved Fureviksnipa må sjåast utifrå at det kan legge grunnlaget for mineralutvinning i området som er eit viktig natur- og friluftsområde. Situasjonen for villreinstammen er kritisk og kommunen har etter Stortingsmeldinga «Ein forbetra tilstand for villrein» frå 2024 eit særleg ansvar for å ta vare på villreinstammen her.

Eventuell mineralutvinning i området vil ha negative konsekvensar for villreinstammen og andre naturkvalitetar i området. Difor er det ikkje aktuelt å ha mineralutvinning i dette området i framtida.

Alternativ avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 10 stemmer og **vart vedteke**

SV sitt framlegg fekk 1 stemme (SV) og **fall**

FORM- 133/26 Vedtak:

Greenhill AS får løyve til å bruke helikopter i samband med undersøking etter mineral ved Fureviksnipa. Vi viser til saksutgreiing for grunngjeving av løyvet. Løyve vert gitt i medhald av Motorferdselslova § 6, med følgande vilkår:

1. Løyvet gjeld frå 01.08.2026 til 01.11.2027. Undersøkinga kan berre gjennomførast i perioden august–november, og skal avsluttast innan seks samanhengande veker frå første dag med feltaktivitet.
2. Inntil 100 hiv/landingar. Av omsyn til villrein og friluftslivsinteressene føreset vi at løyvehavar prøver å avgrense tal hiv/landingar i størst mogeleg grad.
3. Transporten skal ikkje utførast mellom kl. 23:00 og 06:00. Transporten skal heller ikkje utførast på søndagar.
4. Det skal ikkje lossast eller landast dersom villreinen står mindre enn 1 km frå landingsplassen, jf. punkt 6. Dvs. at transporten må utsettast dersom villreinen oppheld seg nord for Fauskevarden, Skinnbroka, Vardefjellet.
5. Den midlertidige leiren bør plasserast på nord eller nordaust sida av Fureviknipa. Transport og aktivitet skal i hovudsak og så langt som råd utførast på nord og nordaust sida av Fureviknipa.
6. Greenhill AS må syte for tilsyn med villreinen i område i perioden undersøkinga pågår. Tilsynet skal syte for dagleg loggføring av posisjonane til villreinflokkene som nyttar området. Det skal lagast ein eigen avtale om dette, med villreinutvalet eller anna kompetent organ. Kopi av avtale skal sendast til kommunen før oppstart.
7. Søkjar må sjølv hente inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.
8. Loggbok skal førast for kvar tur og takast med. Ferdig utfylt loggbok skal sendast til kommunen seinast 2 veker etter at løyvet til motorferdsel er utgått.
9. Løyve frå kommunen og loggbok skal vere med under transporten.
10. Statens Naturoppsyn skal varslast per SMS i førekant av motorferdsel. SMS til SNO bør inkludere dato, type motorferdsel, namn, stad og kommune.
11. Undersøkinga må ha naudsyste løyve etter andre relevante lovverk i tillegg til dette løyve.

134/26: Framlegg til høyring: Strategisk retning for helse- og omsorgstenestene i Sunnfjord kommune 2026 - 2050

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet legg framlegg til "Strategisk retning for helse- og omsorgstenestene i Sunnfjord kommune 2026–2050" ut på offentleg høyring.
2. Høyringsfristen vert sett til 23.08.26.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Endringsframlegg, fremja av Jenny Følling (Sp):

Høyringsfristen blir sett til 01.09.26

Kari Valle (Ap) bad om habilitetsvurdering som følgje av at ho har delteke i saksførebuinga som tilsett i kommunen.

Eit einstemmig formannskap erklærte Valle som inhabil jf. kompl. § 11-10 andre ledd.

Valle gjekk frå behandlinga, det møtte ikkje varamedlem.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt. 1, vart **einstemmig vedteke**

Alternativ avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt. 2, fekk ingen stemmer og fall
Sp sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 134/26 Vedtak:

1. Formannskapet legg framlegg til "Strategisk retning for helse- og omsorgstenestene i Sunnfjord kommune 2026–2050" ut på offentlig høyring.
2. Høyringsfristen vert sett til 01.09.26.

135/26: Utgreiing om framtidig struktur for brann- og redningstenesta

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Sunnfjord kommune går vidare med utgreiing av struktur for brannstasjonane med tanke på nedlegging av brannstasjonane på Vassenden og i Naustdal. Utgreiinga kan ta utgangspunkt i utgreiinga frå 2021, seinare utgreiingar og tilbakemeldingane frå DSB i samband med tilsyn hausten 2025. Utgreiinga må oppdaterast med nyare data inkludert økonomisk berekningar.
2. Før ein kjem med ei endeleg tilråding til struktur i brannvesenet, må ein også ha dialog med DSB om korleis dei stiller seg til forslag til ny struktur i brannberedskapen i kommunen.
3. Ein må samtidig greie ut ny brannstasjon i Førde. Ulike leigealternativ bør også vurderast i samsvar med vedtaket i kommunestyret desember 2024.
4. Kommunedirektøren utarbeider eit mandat for den vidare utgreiinga der vi òg konkretiserer korleis dei tilsette vil bli involvert i prosessen

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Fellesframlegg frå H, V Sp, Ap og Sv, fremja av Anne Lilleaasen (H):

1. Sunnfjord kommune må arbeide vidare og vedta lokalisering for brannstasjon i Førde før utgreiing av vidare struktur for brann- og redningstenesta i Sunnfjord kommune.
2. Sunnfjord kommune må ha dialog med DSB, for å lukke avvik og for vurdere den mest formålstenlege løysinga.
3. Ulike eige- og leigealternativ bør vurderast i samsvar med vedtaket i kommunestyret desember 2024.
4. Kommunedirektøren utarbeider eit mandat for den vidare utgreiinga der vi òg konkretiserer korleis dei tilsette vil bli involverte i prosessen.

Alternativ avstemming:

H, V, Sp, Ap og SV sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**
Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen stemmer og **fall**

FORM- 135/26 Vedtak:

1. Sunnfjord kommune må arbeide vidare og vedta lokalisering for brannstasjon i Førde før utgreiing av vidare struktur for brann- og redningstenesta i Sunnfjord kommune.
2. Sunnfjord kommune må ha dialog med DSB, for å lukke avvik og for vurdere den mest formålstenlege løysinga.
3. Ulike eige- og leigealternativ bør vurderast i samsvar med vedtaket i kommunestyret desember 2024.
4. Kommunedirektøren utarbeider eit mandat for den vidare utgreiinga der vi òg konkretiserer korleis dei tilsette vil bli involverte i prosessen.

136/26: Endring i ventestønad for flyktningar**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Ventestønad-ordninga blir vidareført for alle flyktningar, uavhengig av vidare plan. Ventestønad går fram til første utbetaling av introduksjonsstønad eller i maksimalt 3 månadar for dei som ikkje skal i introduksjonsprogrammet.
- Utbetaling blir gjort etter nivå på statens satsar for sosialhjelp til livsopphald, samt eigne eingongsutbetalningar knytt til etablering og kle/utstyr.
- Den som mottar ventestønad må søkje statleg bustøtte og den må bli transportert til kommunen i perioden med husleigefritak.
- Kommunal bustønad avviklast innan utgangen av 2026. Ingen nye saker vert handsama etter at avviklingsvedtaket er gjort. Dei som har fått vedtak beheld dette i vedtaksperioden (ut januar 2027).

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:**Avstemming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 136/26 Vedtak:

- Ventestønad-ordninga blir vidareført for alle flyktningar, uavhengig av vidare plan. Ventestønad går fram til første utbetaling av introduksjonsstønad eller i maksimalt 3 månadar for dei som ikkje skal i introduksjonsprogrammet.
- Utbetaling blir gjort etter nivå på statens satsar for sosialhjelp til livsopphald, samt eigne eingongsutbetalningar knytt til etablering og kle/utstyr.
- Den som mottar ventestønad må søkje statleg bustøtte og den må bli transportert til kommunen i perioden med husleigefritak.
- Kommunal bustønad avviklast innan utgangen av 2026. Ingen nye saker vert handsama etter at avviklingsvedtaket er gjort. Dei som har fått vedtak beheld dette i vedtaksperioden (ut januar 2027).

137/26: Fastsetjing av lokal forskrift om satsar for grunntilskot til private barnehagar - tilskotsåret 2027**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Formannskapet vedtek å sende forslag til "Forskrift om satsar for grunntilskot til private barnehagar i Sunnfjord kommune for 2027" på høyring.
2. Høyringsfristen blir sett til 13. august 2026.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre justeringar av høyringsutkastet før utsending.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Paula Lesto (H) bad om habilitetsvurdering som følgje av at ho er tilsett pedagogisk leiar i Vassenden barnehage som er privat, ho sitt ikkje i styret og har ikkje eigarinteresser.

Eit einstemmig formannskap erklærte Lesto som habil i saka.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 137/26 Vedtak:

1. Formannskapet vedtek å sende forslag til "Forskrift om satsar for grunntilskot til private barnehagar i Sunnfjord kommune for 2027" på høyring.
2. Høyringsfristen blir sett til 13. august 2026.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre justeringar av høyringsutkastet før utsending.

138/26: Uttale om framdrift og finansiering for E39 Storehaugen–Førde

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

1. Sunnfjord kommune legg gjeldande reguleringsplan for E39 Storehaugen–Førde til grunn for vidare arbeid. Endringar som utløyser ny planprosess eller forseinkar framdrifta blir avvist.
2. Kostnadsreducerande tiltak som ikkje forseinkar framdrifta eller ikkje utfordrar reguleringsplanen må gjennomførast. Rask byggestart skal prioriterast framfor ytterlegare kostnadsoptimalisering.
3. Sunnfjord kommune aksepterer at den statleg delen ikkje vert auka sjølv om dette inneber høgare bompengesats.
4. Innretning på bompengar må vurderast mellom anna rabattordningar, passeringstak og nedbetalingstid.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Håkon Myrvang bad om habilitetsvurdering som følgje av verv som styreleiar i Firda Billag AS, som har ei avtale knytt til dette prosjektet.

Kommunedirektøren si vurdering: Dette er ei overordna uttale retta mot statlege myndigheiter, ei slik uttale er ikkje ei aurotitativ avgjerd etter forvaltningslova § 6, kommunedirektøren tilrådde difor at Myrvang er habil.

Eit einstemmig formannskap erklærte Myrvang som habil i saka.

Avstemming:

Ordføraren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 138/26 Vedtak:

1. Sunnfjord kommune legg gjeldande reguleringsplan for E39 Storehaugen–Førde til grunn for vidare arbeid. Endringar som utløyser ny planprosess eller forseinkar framdrifta blir avvist.

2. Kostnadsreducerande tiltak som ikkje forseinkar framdrifta eller ikkje utfordrar reguleringsplanen må gjennomførast. Rask byggestart skal prioriterast framfor ytterlegare kostnadsoptimalisering.
3. Sunnfjord kommune aksepterer at den statleg delen ikkje vert auka sjølv om dette inneber høgare bompengesats.
4. Innretning på bompengar må vurderast mellom anna rabattordningar, passeringstak og nedbetalingstid.

139/26: Ny administrativ organisering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rammeverk for ny administrativ organisering slik det går av saksutgreiing datert 19. juni 2026 skal leggje til rette for tydeleg leiing, effektiv ressursbruk og gode, heilskaplege tenester til innbyggjarane.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Under godkjenning av innkalling og saklista fremja kommunedirektøren framlegg om at sak 139/26 "Ny administrativ organisering" blir sendt tilbake til administrasjonen.

Bakgrunnen er føresegn i politisk delegeringsreglement om at den politiske hovudstrukturen skal bli vedteke av kommunestyret. Ny versjon av saka blir lagt fram for politisk behandling i formannskapet og kommunestyret i september.

Eit **einstemmig formannskap** vedtok å sende saka tilbake til administrasjonen.

FORM- 139/26 Vedtak:

Saka blir sendt tilbake til administrasjonen.

140/26: Sal av aksjar i Sunnfjord Utvikling AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. *Sunnfjord kommune sel 15 aksjar i Sunnfjord Utvikling til ein eller fleire av dei andre aksjonærane i Sunnfjord Utvikling slik at kommunen eig under 50 %.*
2. *Salet skal gjennomførast i samsvar med aksjelova og offentleg regelverk, inkludert verdsetjing av aksjane.*
3. *Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtale med kjøpande aksjonær om vilkår for salet etter same premissar som K-sak 101/25.*
4. *Aksjonæravtalen blir oppdaterte i tråd med ny eigarstruktur.*

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Jenny Følling (Sp) og Anne Lilleaasen (H) bad om habilitetsvurdering som følgje av styreverv i Sunnfjord Utvikling AS.

Eit einstemmig formannskap erklærte Følling og Lilleaasen som inhabile jf. fvl. § 6 første ledd bokstav e punkt 2.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 140/26 Vedtak:

1. Sunnfjord kommune sel 15 aksjar i Sunnfjord Utvikling til ein eller fleire av dei andre aksjonærane i Sunnfjord Utvikling slik at kommunen eig under 50 %.
2. Salet skal gjennomførast i samsvar med aksjelova og offentleg regelverk, inkludert verdsetjing av aksjane.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtale med kjøpande aksjonær om vilkår for salet etter same premissar som K-sak 101/25.
4. Aksjonæravtalen blir oppdaterte i tråd med ny eigarstruktur.

141/26: Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling 2026**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Orienteringane blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Kommunedirektøren orienterte om:

- Oppdatert pengepolitisk rapport 2 2026, utbytte og finanspostar v/Marius Bjørvik Solheim

Presentasjonen blir lagt inn som vedlegg i saka.

FORM- 141/26 Vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitende.

142/26: Delegerte vedtak**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:**Einstemmig vedtak****FORM- 142/26 Vedtak:**

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

143/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

Einstemmig vedtak

FORM- 143/26 Vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

144/26: Orienteringar og spørsmål

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 25.06.2026:

- Presentasjon av programmet for Førdefestivalen v/Sølvi Lien, direktør og kunstnarleg leiar
- Presentasjon av oppdaterte folketalsframskrivingar v/Lise Mari Haugen, kst. kommunedirektør
- Møtekollisjon med Heilekonferansen for møte i formannskapet 27/8 v/ordføraren
 - Møtet blir flytta til 3. september og blir eit dagmøte kl. 09.00–14.00.

FORM- 144/26 Vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.